

# ÅRSMELDING 2024



DEN NORSKE KYRKJA  
Askvoll sokn

## **1 .0 INNLEIING OG GENERELT**

### ***Personale***

Det har ikkje vore endringar i personalsamansetjinga i 2024. Administrasjonsressursen er imidlertid frå våren 2024 auka opp med 10% stillingsdel.

Soknet har hatt langtids sjukefråvær for fleire tilsette gjennom store delar av året og har som følge av dette hatt kapasitetsmessige utfordringar.

### ***Økonomi***

Soknet hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 0,- i drifta, men det er avsett netto kr 151.692,- til disposisjonsfondet. Vidare er det udekka kr 850,- i investeringsrekneskapen.

### ***Investeringsprosjekt***

Det har vore eit lågt nivå investeringar i året. Berre to prosjekt låg inne frå årets byrjing; Handicaptilkomst til Holmedal kyrkje og parkering ved Vilnes kyrkje.

---

## 2.0 ORGANISASJON

---

### 2.1 Askvoll sokneråd

Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nære det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplastyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.

#### **Valde medlemmer og varamedlemmer**

Wenche Ness Gabrielsen (leiar)  
Terje Mork (nestleiar)  
Lillian Oddekalv Gjervik  
Frida Melvær  
Arnt Johnny Langeland  
Jarle Magnus Vilnes  
Synnøve Melvær  
Jostein Gryte  
Dag Erlend Grane  
Gro Eikebø Stang  
1. vara Astri Thorsen Landøy  
2. vara Karen Anny Espedal  
3. vara Vidar Kaland  
4. vara Stian Lykkebø  
5. vara Sigmund Rivedal

#### **Kommunen sin representant**

Oddgunn Keilegavlen Grane  
Tormod Selvik (personleg vara)

#### **Geistleg representant**

Tommy Erdal  
Knut-Magne Nesse (personleg vara)

#### **Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda**


Rune Ziener

## 2.2 Kjønnsbalanse og likestilling i styrande organ

Soknerådet, som er det styrande organet er politisk valgt, og kjønnsamansetning (på minimum 40%) representasjon skjer på vallistene. Det er imidlertid dei vala veljarane gjer som bestemmer den endelege kjønnsamansetjinga i rådet.

Det ligg ikkje føre begrensningar når det gjeld tilgang til eigne aktiviteter, verv eller stillingar som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag eller segregerte aktivitetar eller tilbod.

Slik er kjønnsfordelinga i soknerådet:



## 2.3 Soknerådsmøte og soknemøte

I 2024 var det 7 soknerådsmøte, og det vart handsama 40 saker totalt (både sokneråds- og felleusrådssaker i møta).

Kyrkjelydens årsmøte/soknemøte vart ikkje avhelde i 2024.

## 2.4 Utval og komitéar

### Administrasjonsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar) med Jostein Gryte som varamedlem  
Terje Mork (nestleiar) med Lillian Oddekalv Gjervik som varamedlem  
Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette  
Rune Ziener (sekretær)

### Forhandlingsutval

Terje Mork (leiar) med Jostein Gryte som varamedlem  
Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) med Lillian Oddekalv Gjervik som varamedlem  
Rune Ziener (sekretær)

### Arbeidsutval

Wenche Ness Gabrielsen (leiar)  
Terje Mork (nestleiar)  
Tommy Erdal  
Rune Ziener (sekretær)

### **Kyrkjelydsutval**

<b>Askvoll</b>	<b>Vilnes</b>	<b>Holmedal</b>
Ingvild Loftheim	Lillian Oddekalv Gjervik	Terje Mork
Frida Melvær	Dagmar Dyrøy	Solbjørg Vik
Dagny Søvig	Oddgunn K. Grane	Jorunn Bull
Vidar Kaland		Sigmund Rivedal
Liv Hushagen		Karen Espedal
		Ellen Marie Tveit

<b>Kvammen</b>	<b>Bulandet</b>
Marit Leknes Gryte	Arne Fedøy
Sigrid Lunde	Kathrin Sunde Rogne
	Magnar Hillersøy
	Synnøve Melvær
	Marit Veim Thistel
	Målfrid Hittun Fedøy

I Stongfjorden og Værlandet er det ikkje eige kyrkjelydsutval.

### **Kyrkjemusikksutval**

Rune Ziener (leiar)  
Silje Furnes Solheim (nestleiar)  
Oddgunn Keilegavlen Grane  
Tommy Erdal  
Sabina Baylarbayova (sekretær)

### **Trusopplæringsutval**

Ikkje operativt i 2024

## **3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE**

### **Tilsette i soknet pr. 31.12.2024**

<b>Funksjon</b>	<b>Årsverk 2024</b>	<b>Årsverk 2023</b>	<b>Årsverk 2022</b>	<b>Årsverk 2021</b>	<b>Årsverk 2020</b>
Kyrkjeleg administrasjon	1,6	1,5	1,5	1,5	1,5
Kyrkjer	0,8	0,8	0,8	0	0,7
Gravplassar	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7
Anna kyrkjeleg verksemd	Vakant	Vakant	0,5	0,5	0,8
Sum fastlønn	<u>3,1</u>	<u>3,0</u>	<u>3,5</u>	<u>2,7</u>	<u>3,7</u>
Timetilsette	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 1,0	Ca 1,0
Sum årsverk inkl. timetilsette	<u>3,65</u>	<u>3,55</u>	<u>4,05</u>	<u>3,7</u>	<u>4,7</u>

### **Kontor**

Kyrkjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i Sentrumsgarden), der ein som del av kommunal tenesteyting disponerer 5 kontorplassar og felles møtelokale.

### **Organisering**

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

## Pensjon

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.


## Helse, miljø og tryggleik

Ein har i fleire år hatt manglar når det gjeld tilfredsstillande internkontrollsystem for HMT.

Frå 2024 har soknet inngått avtale med Avonova for å få eit slikt system etablert.

Dette arbeidet er i gang.

## Sjukefråver




## Kjønnsbalanse og likestilling

Det er ikkje iverksett særskilte tiltak for å jamne ut kjønnsamansetjinga i staben, då ein aldri har registrert noko problematisk i høve kjønnsamansetjinga.

Det ligg heller ikkje føre begrensningar når det gjeld tilgang styrande organ eller verv, som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag eller segregerte aktivitetar eller tilbod.

Diagrammet under er basert på innrapportert lønns- og personalstatistikk til KA pr. 1. des. 2024.



## 4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

### 4.1 Gudstenester og institusjonsandakter

	2024			2023			2022			SNITT		
	Tal gudstenester	Frammøte	Frammøte pr. gudsteneste	Tal gudstenester	Frammøte	Frammøte pr. gudsteneste	Tal gudstenester	Frammøte	Frammøte pr. gudsteneste	Gudstenestetotal	Frammøte	Frammøte pr. gudsteneste
Askvoll	23	1 204	52	23	1 476	64	32	2 182	68	26	1 621	62
Bulandet	13	373	29	11	342	31	13	622	48	12	446	36
Holmedal	14	690	49	14	680	49	16	883	55	15	751	51
Kvammen	15	424	28	12	491	41	14	568	41	14	494	37
Stongfjorden	1	27	27	1	25	25	2	52	26	1	35	26
Vilnes	12	665	55	13	602	46	12	541	45	12	603	49
Værlandet	1	56	56	0	NA	NA	0	NA	NA	0	56	56
Andre	2	48	24	3	110	37	1	11	11	2	56	24
<b>TOTAL</b>	<b>81</b>	<b>3 487</b>		<b>77</b>	<b>3 726</b>		<b>90</b>	<b>4 859</b>		<b>83</b>	<b>4 061</b>	<b>340</b>

Inkludert i tal gudstenester er også nattverdsgudstenester, dåpsgudstenester, skule- og barnehagegudstenester, friluftsgudstenester innan krinsen og ikkje forordna gudstenester.

#### Skulegudstenester:

I Vilnes kyrkje var det skulegudsteneste til påske og i Kvammen og Askvoll var det skulegudsteneste til jul.

#### Andakter/nattverdsgudstenester på Askvollheimen:

Det har vore 10 institusjonsandakter/-gudstenester på Askvollheimen, 6 av desse med nattverd. Soknepresten og kantor har vore med på dei fleste av desse. Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

### 4.2 Kyrkjelege handlingar

	Døypte				Konfirmerte				Vigde				Gravlagde*			
	2024	2023	2022	SNITT	2024	2023	2022	SNITT	2024	2023	2022	SNITT	2024	2023	2022	SNITT
Askvoll	4	4	11	6	12	11	10	11	2	0	2	1	13	14	17	15
Bulandet	1	0	5	2	2	2	4	3	0	0	1	0	1	3	3	2
Holmedal	2	4	6	4	6	6	7	6	0	2	1	1	5	6	10	7
Kvammen	1	2	3	2	5	2	3	3	0	1	0	0	2	6	1	3
Stongfjorden	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	2	3	3	3
Vilnes	5	4	3	4	10	8	6	8	0	0	1	0	6	2	3	4
Værlandet	0	0	0	0	2	0	0	1	0	0	0	0	2	3	3	3
Andre stader	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
<b>Total</b>	<b>13</b>	<b>15</b>	<b>28</b>	<b>19</b>	<b>37</b>	<b>29</b>	<b>30</b>	<b>32</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>5</b>	<b>3</b>	<b>31</b>	<b>37</b>	<b>40</b>	<b>36</b>

\*Gjeld kyrkjeleg gravferdsseremoni eller bisetjing.

### 4.3 Trusopplæring

#### Oversikt over trusopplæringstiltak som er gjennomført i soknet i 2024

Alder	Tiltak	Tal samvær	Omfang i timar
0	Dåpssamtale/dåp	2	3
4-6	Kirkerotteteater	1	1
4-6	Sprell levande hausttakkefest med utdelingar	1	1
11	Utdeling av Bibel	1	1
15	Konfirmasjon	23	60

#### Oversikt over tal deltakarar per tiltak og oppslutnad i høve til målgruppa (årskulla i soknet)

Tiltak	Tal deltakarar	Tal i målgruppa	Deltaking
Dåpssamtale/dåp	10	10	100%
Kirkerotteteater	19	65	29%
Sprell levande hausttakkefest med utdelingar	19	65	29%
Utdeling av Bibel	11	21	52%
Konfirmasjon	37	38	97%

Grunna vakanse i trusopplæringstillinga var det svært få tiltak i planen som vart gjennomført i 2024. Berre tiltak knytt til gudstenester er gjennomførte utanom Kirkerotteteateret.

### 4.4 Kyrkjemusikk

#### Kyrjekonsertar

Soknet arrangerte ein kyrjekonsert i eigen regi i Askvoll kyrkje til jul 2024. I tillegg var det gjennomført éin kyrjekonsert til jul i Holmedal og éin i Askvoll kyrkje i haust av ekstern arrangørar.

#### Salmekveldar

Kantor arrangerte 4 salmekveldar i 2024

Askvoll	Haust
Holmedal	Haust
Kvammen	Vår
Vilnes	Vår

#### Kyrkjemusikkutval

I løpet av året fekk ein oppnemnt eit nytt utval for kyrkjemusikk. Dette har ein ikkje hatt før, og utvalet sin hovudfunksjon er å utarbeide kyrkjemusikalsk plan for soknet og sjå til at denne vert følgt.

#### Om kyrkjemusikken seier kantor:

*-Musikk er viktig del av kyrkja sitt liv. Det gjelder både musikk i gudstenester og kyrkjelege handlinger, også når det er salmekvelder og konsertar i kyrkja. Musikk trøster under sorg og hjelper å dele glede!*

### 4.5 Diakoni

Framleis har ein ikkje fått etablert eit diakoniutval i soknet, og ein har heller ikkje nokon vedteke diakoniplan. Imidlertid har ein halde fram i heile 2024 med det nye musikkdiakonale prosjektet knytt til Askvollheimen. I prosjektet, som er finansiert av bispedømmet og kommunen, nyttar ein ein 10% stillingsressurs for kantor som besøker Askvollheimen annankvar torsdag. Bispedømmet ser på dette prosjektet som nyskapande, og det ligg i skjeringspunktet mellom diakoni og kultur.



I 2024 var det 17 musikkandakter/musikkstunder på Askvollheimen i regi av musikkdiakoniprojektet.

#### **Om musikkdiakonien seier kantor:**

*- Musikkandakter er veldig god terapi for bebuarene på Askvollheimen. Dei elsker desse samlinger. Vi varierer frå instrumentalt musikkstund til song samlinger, eller nokon gonger begge deler. Av og til dei kjem med noko ønske sjølv. Det er veldig populært hos dem, og dei gleder seg til desse musikkandakter.*

#### **4.6 Misjon**

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar projektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 6.349,- fordelt på 5 gudstenester.

#### **4.7 Profilerings og kommunikasjon**

##### **Kyrkjeblad**

I 2023 fekk ein gitt ut 3 nummer av kyrkjebladet for Askvoll.

Finansiering av trykkinga skjer ved frivillig bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2024 hadde ein eit underskot på kr 10.128,- for kyrkjebladet.



##### **Heimesider**

Frå mars 2014 fekk ein etablert egne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon om soknet si verksemd.

##### **Facebookprofil**

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenkjer til oppdateringar på heimesida. Kyrkja i Askvoll har 741 følgjarar (pr. februar 2025), svakt opp frå 729 frå året før.

## 5.0 ØKONOMI

### 5.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2024 eit meir-/mindreforbruk på kr 0,- etter avsetningar.

#### Nøkkeltal

	Rekneskap 2024	Rev. budsjett	Rekneskap 2023
<b>Driftsinntekter</b>	5 865 382	5 625 000	5 470 152
<b>Driftsutgifter</b>	5 555 956	5 668 000	5 150 635
<b>Brutto driftsresultat</b>	<u>309 426</u>	<u>-43 000</u>	<u>319 517</u>
<b>Netto finansinntekter</b>	9 592	1 000	7 284
<b>Netto driftsresultat</b>	<u>319 018</u>	<u>-42 000</u>	<u>326 801</u>
<b>Bruk av avsetningar</b>	462 392	569 517	124 064
<b>Avsetningar</b>	781 410	527 517	240 743
<b>Rekneskapsmessig meirforbruk</b>	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>210 122</u>

#### Generell kommentar til rekneskapen:

Samla driftsinntekter i 2024 er kr 395.230,- høgere enn i 2023. Hovudårsaker til auken:

- Høg sjukelønnsrefusjon i rekneskapsåret med kr 567.238,- totalt, opp frå kr 32.303,- i 2023.


Samla driftsutgifter er også betydeleg opp frå 2024 med ein auke på kr 405.321,- frå 2023.

-Totalt til lønn og sosiale utgifter er auken på kr 107.685,- frå 2023.

- Når det gjeld vare- og tenestekjøp er det ein auke på kr 215.507,- samanlikna med 2023.

Utgifter til graving og andre utgifter utgjør kr 114.526,- av denne auken. Intern overføring frå trusopplæringsmidlar til administrasjon på kr 57.450,- verkar og inn på denne.

For avsetningar er det og ein betydeleg auke frå 2023 med kr 540.667,-. Hovuddelen her skuldast avsetning av unytta trusopplæringsmidlar med kr 306.436,- og avsetningar til disposisjonsfond og dekning av tidlegare års meirforbruk med kr 327.602,- meir enn i 2023.



## **Kommentar til kvar teneste**

### **04100 – Kyrkjeleg administrasjon**

Her var eit mindreforbruk i forhold til budsjett på kr 176.110,-.

- Sjukelønnsrefusjon låg på kr 84.819,- meir enn budsjettet.

- Noko mindreforbruk på til saman kr 43.717,- på kjøp av konsulenttenester, post og telefoni og anna forbruksmateriell.

- Vidare var det ikkje budsjettet med intern overføring frå trusopplæring kr 57.450,- for å kompensere for auka administrasjonsbehov pga. vakanse der.

### **04200 – Kyrkjer**

Avvik på tenesta med eit meirforbruk på kr 51.030,-.

Her var eit meirforbruk på kr 35.854,- på lønnskostnader (fastlønn/vikar/ekstrahjelp). og sosiale utgifter.

Det var og eit meirforbruk på budsjettpost for kjøp av råvarer, materiell og tenester (inkludert her er innleige av organistar og kyrkjetenarar) på kr 28.604,-.

Kostnad til straum og forsikring i 2024 utgjorde kr 24.274,- over budsjettet.

Kostnad til serviceavtalar og reparasjonar (elektro- og rørarbeid) var kr 52.998,- meir enn budsjettet.

Kjøp av styringssystem til kyrkjeoppvarming i Askvoll vart ikkje rekneskapsført i 2024 som forutsett, og det var eit mindreforbruk på denne posten på kr 73.972,-.

### **04300 – Gravplassar**

Eit lite meirforbruk på tenesta med kr 16.780,-.

Utgifter til graving var kr 28.557,- meir enn budsjettet og pensjonsutgifter var kr 15.819,- meir enn budsjettet.

Det var ikkje budsjettet med refusjon for kremasjonsutgifter til andre, der ein hadde ein utgift på kr 10.000,-

Ein fekk inn sjukelønnsrefusjon på kr 55.419,- meir enn budsjettet.

### **04400 – Anna kyrkjeleg verksemd**

Tenesta gjekk med kr 4.685,- i overskot, etter at underskot for kyrkjebladet kr 10.128,- var dekkja herifrå. Overskotet er sett i bunde fond til kyrkjelydsarbeid.

### **04420 – Trusopplæring**

Det har vore vakanse i trusopplæringsstillinga heile rekneskapsåret. Berre mindre beløp er nytta til timeavlønning for å gjennomføre aktivitet. Det er vidare intern overføring på kr 57.450,- i rekneskapsdelen frå trusopplæring til kyrkjeadministrasjon for å kompensere for meirarbeidet i administrasjonen grunna vaksen.

Inntektsida har vore normal med fullt trusopplæringstilskot (kr 386.777,-) motteke frå rettssubjektet Dnk. Tenesta gjekk difor totalt sett med eit overskot på kr 306.436,- i 2024 som er avsett til trusopplæringsfondet. Slike unytta midlar kjem til frådrag i kommande års tilskot.

### 04450 – Kyrkjemusikk (ny)

Dette er ei ny rekneskapsteneste som utskiller seg ut frå det generelle kyrkjelydsarbeidet, men er samtidig avgrensa frå det «lovpålagde» kyrkjemusikalske arbeidet som ligg bokført i 04200.

Kr 12.590,- er avsett i 2024 til eit nytt bunde fond til kyrkjemusikalsk arbeid.

Fondet er knytt til det nye kyrkjemusikkutvalet sitt arbeidsområde, der inntektene er gåver og inntekter ved kyrkjemusikalske arrangement.


### 04479 – Kyrkjeblad

I 2024 gjekk kyrkjebladet med eit underskot på kr 10.128,-. Dette er dekkja inn med intern overføring frå 04400 Anna kyrkjeleg verksemd.

### Pensjonsutgifter


Det er ikkje brukt av premiefondet i 2024 fordi ein nytta over 343.000,- av fondet i 2023 for å ta unna høge pensjonsutgifter det året.

Belasta premie i 2024 var kr 154.279,- mindre enn i 2023, men fordi det ikkje er brukt av premiefondet i 2024 er nettokostnaden finansiert med driftsmidlar kr 189.555,- høgre.



### Festeavgifter

Inntekt for festeavgifter var kr 212.519,- i 2024, som er kr 125.951,- mindre enn i 2023. Nedgangen skuldast eit lågare tal festeutløp samanlikna med førre år.



## 5.2 Investeringsrekneskapen

Samla investeringar soknet i 2024 var på berre kr 482.997,-.


Heile kr 452.806,- av dette var inndekking av overskridingar i investeringar i 2023.

### Finansieringa av dette er fordelt slik:

Refusjonar (meirverdiavgiftskompensasjon)	4.841,-
Tilskot til investeringar	264.471,-
Overført frå drift	15.500,-
Bruk av avsetningar	197.335,-
<i>Sum finansiering</i>	<i>482.147,-</i>
<i>Udekkja/udisponert</i>	<i>- 850,-</i>


Berre prosjektdel III av rehabiliteringsprosjektet var planlagt gjennom heile rekneskapsåret. Ei utfordring her var at opphavleg prosjektplan for ny handicapinngang ikkje vart godkjent hos biskop/Riksantikvaren, og godkjenning av endra prosjektplan låg ikkje føre før juni månad. Den nye løysinga vart vesentleg dyrare enn den opphavlege planen, og finansiering var ikkje på plass før i budsjettet 2025.

Prosjektet med parkering Vilnes vart ikkje igangsett i hovudsak grunna sjukefråver og kapasitetsutfordringar i kyrkjeadministrasjonen. Dette vart difor nedbudsjettert mot slutten av året og ført opp til realisering i seinare budsjett.



Som ein ser av figuren er det betydelege variasjonar i soknet sine årlege investeringar. Gjennomsnittet for dei ti siste åra ligg på årleg i overkant av 3,1 millionar investert i anleggsmiddel, noko som må seiast å vere svært høgt for eit lite sokn som Askvoll.


Diagrammet nedanfor viser investeringane tre siste åra fordelt på prosjekt. Tala er inkludert meirverdiavgift.




### 5.3 Balanserekneskapen

	2024	2023	Endring
Bunde fond driftsfond	1 758 300	1 750 580	7 720
Disposisjonsfond	162 041	10 349	151 692
Ubunde investeringsfond	0	0	0
Bunde investeringsfond	0	0	0
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	0	53 229	-53 229
Unytta/udekka i investeringsrekneskapen	-850	-452 806	451 956
<b>Total</b>	<b>1 919 491</b>	<b>1 361 352</b>	<b>558 139</b>

Gjennom rekneskapsåret 2024 har det vore auke i summen av fondsmidlar og meir-/mindreforbruk på totalt kr 558 139,-.






Her er ei nettoauke i avsette midlar på kr 241.081,- gjennom rekneskapsåret. I all hovudsak skuldast denne auken unytta midlar i trusopplæringa grunna vakanse i stillinga. Kr 306.436,- er avsett her, men unytta midlar går til frådrag i seinare tilskotsmidlar frå rettssubjektet Den norske kyrkja til formålet.

Det er nytta kr 77.740,- av fondsmidlar til det musikkdiakonale prosjektet.

Det er og avsett midlar til eit nytt fond for kyrkjemusikalsk arbeid med kr 12.590,-. Dette er midlar frå julegåveaksjonen og lokale kyrkjemusikalske arrangement.





Gjennom rekneskapsåret er det brukt netto kr 234.816,- frå bundne fellesrådsmidlar, og heile kr 197.335,- er knytt til restaureringsprosjektet i Holmedal i 2023. Det er og brukt kr 32.598,- frå fondet til Askvoll kyrkje til nødvendige takreparasjonar.

## **6.0 FRAMBLIKK 2025 – utfordringar og satsingsområde**

---

- **Kyrkjemusikk**
  - *arbeide for å iverksetje og vidareutvikle den nye lokale planen for kyrkjemusikk*
- **Trusopplæring**
  - *rekruttere i stillinga og vidareutvikle samarbeidet med nabosokna*
- **Økonomi**
  - *sikre balansert driftsøkonomi for soknet i ei tid med nedskjeringar i kommunal rammeløyving*
- **Vedlikehalds- og investeringsprosjekt**
  - *auke gjennomføringsgrad og -hastighet*
- **Gravplassforvaltning**
  - *arbeide vidare for å komme meir ajour med festeavtalar og fjerning av gravminne*
  - *finne løysingar for betre gravplassvedlikehald i ei krevjande ressursituasjon*
- **Tilsette og HMT-arbeid for verksemda og arbeidsmiljø**
  - *implementere HMT-systemet frå AVONOVA*

**Askvoll 14.03.2025**

**Wenche Ness Gabrielsen**  
**leiar Askvoll sokneråd**

**Rune Ziener**  
**kyrkjeverje**